



SUNNFJORD
UTVIKLING



Sunnfjord
kommune



Sunnfjord no, og framover – folka, viljen og krafta!

Strategisk næringsplan for Sunnfjord kommune 2024–2027

Vedtak Sunnfjord kommunestyre mai 2024

Forord ved ordførar og styreleiar Sunnfjord Utvikling

Det går godt i næringslivet i Sunnfjord kommune. Trass i at krevjande tider for næringslivet så har vi eit næringsliv i vekst og med regionsenteret Førde så har Sunnfjord den største arbeidsmarknaden mellom Ålesund og Bergen. Eit sterkt næringsliv i kombinasjon med offentleg velferd og offentleg sektor gjev grobotn for vidare vekst.

Næringsliv, arbeidsmarknad, kunnskapsmiljø og bustadkvalitet er faktorar som spelar saman og forsterkar kvarandre. I denne planen skal vi legge føringar for korleis kommunen og Sunnfjord Utvikling kan legge til rette for ei positiv utvikling for næringslivet, men i eit slikt heilskapleg perspektiv.

Samarbeid og god rolleforståing mellom partane er viktige. Bedriftene skal ha rom og rammevilkår til å fokusere på å vekse og drive verdiskaping.

Kommune og verkemiddelapparat skal legge til rette og møte næringslivet på ein koordinert og kompetent måte, og jobbe med tiltak som styrker næringslivet si evne til å etablere seg, rekruttere og behalde arbeidskraft. I samarbeid skal alle partar jobbe med både kortsiktige og langsiktige mål.

Denne næringsplanen handlar mykje om dei moglegheitene vår region står i, i eit tid med store globale utfordringar som politisk og sosial uro, og klimakrise. Her i Sunnfjord sit vi på løysingane og det er den rauden tråden i planen.

Vi har eit arbeidsliv som internasjonalt leverer på sosial berekraft, og vi har naturressursar i kombinasjon med innovasjonsmiljø som er globalt avgjerande for berekraft på klima og miljø.

Vi skal gjere eit godt næringsliv endå betre, det handlar om folka, viljen og krafta!




John Helge Lunde
styreleiar



Jenny Følling
ordførar

Innhald

Forord ved ordførar og styreleiar Sunnfjord Utvikling	2
1 Planen kort fortalt	4
2 Innleiing	5
2.1 Føremål med planen	5
3 Utviklingstrekk i Sunnfjord	6
3.1 Lokale utviklingstrekk	6
3.1.1 Våre særlege fortrinn	7
3.1.2 Våre største utfordringar	7
3.2 Globale og nasjonale utviklingstrekk	8
4 Mål, strategiar og tiltak	9
4.1 Mål	9
4.2 Strategiske retningar for fornying og vekst	9
4.3 Naturen som ressurs for grøn næringsutvikling.....	10
4.3.1 Delstrategi: Landbruk.....	10
4.3.2 Delstrategi: Fornybar energi.....	11
4.3.3 Delstrategi: Berekraftig mineralnæring	11
4.4 Entreprenørskap og innovasjon.....	12
4.5 Attraktivitet, sentrumsutvikling og rekruttering	14
4.5.1 Bu- og jobbatraktivitet	15
4.5.2 Besøksatraktivitet og reiseliv	16
4.6 Næringsatraktiv kommune	17
4.7 Styrka samarbeid i regionen	18
5 Om planen	19
5.1 Rammer, avgrensingar og mandat for planen.....	19
5.2 Kunnskapsgrunnlag	20
5.3 Medverknad	21
5.4 Kopling til andre kommunale planar.....	22
5.5 Iverksetting og oppfølging av planen	22



1 Planen kort fortalt

Visjon
Føremål
Satsings-områder

Sunnfjord kommune skal vere ein attraktiv stad å bu og drive næring i. Vi skapar vekst ved å byggje på våre fortrinn og styrke grunnmuren vår for næringsutvikling. Samarbeid og skaparkraft er drivkreftene for å lukkast.

Bidra til at Sunnfjord kommune er ein attraktiv kommune å bu og arbeide i, drive næring, besøkje og studere.

Legge rammene for kva kommunen i planperioden skal prioritere i sitt arbeid for å bidra til ei positiv næringsutvikling.

Vere ein plattform for eit godt samarbeid mellom kommune, verkemiddelapparat og næringslivet.

Næringsattraktiv kommune

Styrka samarbeid i regionen

Naturen som ressurs for grøn næringsutvikling

Entreprenørskap og innovasjon

Rekruttering og attraktivitet

2 Innleiing

I Sunnfjord har vi eit næringsliv som gjev god grunn til optimisme. Samanlikna med mange andre kommunar har Sunnfjord både ein variert næringsstruktur og ein sterk offentleg sektor i regionsenteret Førde. Likevel ser vi no at biletet i større grad er prega av forventningar om trongare tider og usikre framtidsutsikter i næringslivet, og krevjande prioriteringar i offentleg sektor. Det fortel oss at evna til omstilling og å arbeide langsiktig blir viktigare, også i Sunnfjord kommune. Samstundes er det ei velkjent erfaring at tid for motgang og omstilling betyr tid for nye moglegheiter. Det er i slike tider at det er viktig at verkemiddelapparat er til stades og legg til rette for at næringslivet får drive med nyskaping og innovasjon.

Spørsmåla vi har jobba med i denne planprosessen er:
Korleis skal vi dei neste fire åra jobbe for å vere i forkant av utviklinga? Korleis skal vi jobbe med både kortsiktige og langsiktige utfordringar? Kva er våre-langsiktige ambisjonar for Sunnfjord?

2.1 Føremål med planen


Ny strategisk næringsplan erstattar gjeldande næringsplan som vart vedteken i 2019, før kommunesamanslåinga, men utvikla for den nye samanslegne kommunen. Planen er styringsverktøy for Sunnfjord kommune og Sunnfjord Utvikling sitt arbeid med næringsutvikling. Den skal gje klare signal til bedrifter, næringslivsorganisasjonar, samt innovasjon- og

utdanningsmiljø om kva for næringspolitiske retningslinjer som ligg til grunn for næringsutvikling i Sunnfjord.

Erfaringar viser at kommunar som lukkast med god næringsutvikling, har gode og langsiktige strategiar for næringsutvikling.

Føremålet med planen er å:

- bidra til at Sunnfjord kommune er ein attraktiv kommune å bu og arbeide i, drive næring, besøke og studere.
- legge rammene for kva kommunen i planperioden skal prioritere i sitt arbeid for å bidra til ei positiv næringsutvikling.
- vere ein plattform for eit godt samarbeid mellom kommune, verkemiddelapparat og næringslivet.



Sunnfjord Utvikling og kommunalområdet samfunn og næring er ansvarleg for å følgje opp planen. Planen må sjåast i samanheng med andre planar i kommunen, både innanfor landbruk, kultur, samfunnsutvikling, oppvekst, helse, areal, NAV. Alle bidreg med tenester og tiltak som er viktig for å styrke Sunnfjord kommune sin attraktivitet og næringsutvikling.


3 Utviklingstrekk i Sunnfjord

3.1 Lokale utviklingstrekk

Nærings og ringverknadsanalysen konkluderte i 2022 med at det går godt i næringsliv og offentleg sektor i Sunnfjord kommune. Næringslivet rapporterte at dei opplevde veksande etterspurnad og betre resultat, og vi hadde fleire nye og spennande nyetableringar. PwC si oppfølgingsundersøking i 2023 viser at optimismen er noko mindre no. Dei dramatiske endringane den siste tida er i ferd med å sette spor i lokalt næringsliv - krig i Ukraina, inflasjon, svekka kjøpekraft, svak krone, og endra skattevilkår. Marknadssituasjonen og lønnsemd er i negativ endring for mange av våre bedrifter. I vår kommune er det særleg grad bygg- og anleggsbransjen, men også handel- og bilbransje som merkar endringane.

Likevel er det viktige lyspunkt som står seg. Offentleg sektor satsar i Førde, bidreg med arbeidsplassvekst, og mange store offentlege investeringar er under gjennomføring eller planlegging. Vekstrapporten peikar på at perioden 2016 til 2032 er det gjennomført, under gjennomføring eller skal gjennomførast investeringar for nær 24 milliardar, både i privat og offentleg sektor. Alle investeringar gjev direkte ringverknader ved å utløyse arbeidsplassar og oppdrag til anleggsbransje. Indirekte syter investeringane for auka bustad- og næringsattraktivitet.

Sunnfjord kommune har eit mangfaldig næringsliv. Vi er i stor grad kjende for høg sysselsetting innan varehandel og bygg og anlegg, i tillegg til offentleg sektor. Vi er også største landbrukskommunen i Vestland. Dei siste tida viser òg at privat tenesteytande næring og industri er bransjar i god vekst. Sunnfjord kommune og nabokommunane utgjer i stor grad ein felles bu- og arbeidsmarknad. Verksemndene i Sunnfjord kommune leverer i stor grad varer og tenester internt i regionen og tala viser ein vekst i dei tenesteytande næringane. Næringslivet i nabokommunane er i større grad eksportretta og har kundar utanfor regionen. Dette er ofte produksjonsnæringer med naturressursar som grunnlag og som gjev inntekter og grunnlag for anna aktivitet. Gode døme på dette er aktiviteten i Høyanger, på Fjordbasen i Florø og på Lutelandet i Fjaler Denne skilnaden mellom næringslivet i dei ulike kommunane illustrerer den symbiosen og gjensidige avhengigheita som pregar næringslivet i heile regionen. Førde som regionsenter er avhengig av næringslivet i heile regionen fordi det sikrar busetnad og marknad for næringsliv og tenester lokalisert i Førde. Dette illustrerer også kvifor både regionale og nasjonale myndigheter, så vel som vårt eige næringsliv, i stadig større grad vektlegge regionalt samarbeid som føresetnad



3.1.1 Våre særlege fortrinn

Næringslivet peikar på nokre fortrinn vi bør bruke:

- Førde som **regionsenter**; Førde er den største arbeidsmarknaden mellom Ålesund og Bergen.
- Vi har ei **sentral geografisk plassering**, fleire gode kompetansemiljø i offentleg sektor og næringsliv, og eit godt utdanningstilbod som kan vidareutviklast.
- Samanlikna med mange andre kommunar har Sunnfjord ein **næringsstruktur** som er mindre sensitiv for ytre forhold, og ikkje minst har vi ein **sterk offentleg sektor** i regionsenteret Førde.
- Entreprenørskap og innovasjon; **Bygg- og anleggsbransje står sterkt** og leverer også ut av regionen. PwC si oppfølgingsundersøking i 2023 viser at næringslivet i større grad no enn for 2 år sidan er opptekne av moglegheitene som ligg i det grøne skiftet.
- **Naturen som ressurs** for næringsutvikling.

3.1.2 Våre største utfordringar

- Tilgang og kompetanse på **arbeidskraft**.
- Auka **stadsattraktivitet** er ein føresetnad for vidare vekst.
- Tilgangen på naturressursar skapar også debatt og problemstillingar knytt til **avveginga mellom utvikling og vern**.
- Tilgang på **mobilt nettverk og breiband**.
- Tilgang på **elektrisk kraft**.

Tilbakemeldingar frå næringslivet både i samband med planarbeid og nærings- og ringverknadsanalysen, peikar på følgjande **faktorar som viktig for å få til næringsutvikling**:

- Kommunen må i større grad **spele på lag med næringslivet** og ha ei meir løysingsorientert haldning når idear og prosjekt blir presentert. Næringslivet ser på Sunnfjord Utvikling som eit godt verktøy for næringslivet som bør styrkast
- **Regionen må samarbeide** meir om nærings- og samfunnsutvikling, og Sunnfjord kommune bør ta initiativet.
- Vi må satse på **aktiv og bærekraftig bruk av naturen** som ressurs for næringsutvikling.
- Vi må støtte opp under dei **gode kompetansemiljøa** vi har, og byggje opp under entreprenørskap og samarbeid.
- Ei **satsing på kultur og reiseliv** vil gjere regionen meir attraktiv.

Dette er tilbakemeldingar som er samanfallande med tiltak som er føreslått i Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 – 2030.

3.2 Globale og nasjonale utviklingstrekk

Mangel på arbeidskraft og ei svak folketalsutvikling, fortel oss om den mest grunnleggande premissen for utviklinga – at Sunnfjord er ein del av verda og at vi i stadig større grad må sjå dei lokale utviklingstrekkja i lys av både nasjonale føringar og internasjonale megatrendar. Digitalisering, globalisering, demografiske endringar, rekrutteringsutfordringar, klimakrise, politisk uro og krig, er megatrendar som vedkjem og påverkar vårt lokale næringsliv dagleg, og i aukande grad i tida framover.

Demografiske endringar

Befolkinga vert eldre over heile verda og fører til mangel på arbeidskraft og større etterspurnad etter nye løysingar. Tala viser oss at her har Sunnfjord større utfordringar enn landsgjennomsnittet.

Klimakrise

Klimakrise krev at næringslivet tilpassar seg nye føresetnader og krav. Klimaendringar skapar fysiske utfordringar mellom anna i arealbruk og krev tilpassingar. Nasjonal og internasjonal klimapolitikk føre til nye regulartoriske grep og krav, både frå finansinstitusjonar og offentlege aktørar. Klimapolitikken gjev moglegheiter for næringsliv som tilbyr grøne løysingar og fornybar energi

Urbanisering/ sentralisering

Vi har til ein viss grad ei indre sentralisering i regionen, men samla sett er største utfordringa at vi tapar terreng til Oslo og sentrale Austland. Dette gjeld sentralisering av busetnad, tenester og avgjerder og næringsliv. I hovudsak frå vest til Oslofjordregionen.

Teknologiske gjennombrot/ digitalisering/ kunstig intelligens

Teknologiske gjennombrot gjere norsk næringsliv konkurransedyktig då tilgang på manuell arbeidskraft blir mindre viktig.


Endring av økonomisk makt

Utanlandsk eigarskap veks. Gjev mindre lokal «kontroll», men og meir tilgang på kapital

4 Mål, strategiar og tiltak

4.1 Mål

Sunnfjord kommune skal vere ein attraktiv stad å bu og drive næring i. Vi skal skape vekst ved å byggje på våre fortrinn og styrke grunnmuren vår for næringsutvikling.
Samarbeid og skaparkraft skal vere drivkraftene for å lukkast.



4.2 Strategiske retningar for fornying og vekst

Strategiane i næringsplanen byggjer delvis på at vi ynskjer å satse der vi har våre fortrinn, men også å løfte oss på område der vi treng å bli betre for å få til vidare vekst i næringslivet vårt.

I nærings- og ringverknadsanalysen er det peika på tre særlege fortrinn som dannar grunnlag for strategiane:

1. Naturen som ressurs for næringsutvikling
2. Entreprenørskap og innovasjon
3. Førde som regionsenter

Ut i frå kunnskapsgrunnlaget, utfordringsbiletet og allereie fastsette mål i kommuneplanen sin samfunnsdel, har vi peika ut **fem strategiar for fornying og vekst i denne planen:**

1. Naturen som ressurs for grøn næringsutvikling
2. Entreprenørskap og innovasjon
3. Rekruttering og attraktivitet
4. Næringsattraktiv kommune
5. Styrka samarbeid i regionen

4.3 Naturen som ressurs for grøn næringsutvikling

Sunnfjord kommune har store naturressursar, fornybar energi, areal og mineral, og eit landbruk som byr på opplevingar i reiseliv. Naturressursar, landbruk og reiseliv må derfor sjåast i samanheng. Berekraftig bruk av naturressursar, i kombinasjon med gode lokale kompetansemiljø, gjev store utviklingsmoglegheiter i ei tid der dette er nøkkelressursar i grøn næringsutvikling og grøn omstilling.

Slik vil vi ha det:

- Sunnfjord utviklar posisjonen sin som største landbrukskommune i Vestland. Vi har styrka både basisproduksjonane og eit mangfold av tilleggsnæringer. Vi har ei attraktiv naturbrukslinje på Mo.
- Vi lukkast med å utvikle lokal industriutvikling basert på lokal kraftproduksjon.
- Vi er nasjonalt leiande innan forsking og innovasjon knytt til bruk av restmassar og industrielle symbiosar. Slik bidreg vi til at Noreg tar internasjonalt ansvar for å utvikle verdas mest berekraftige mineralnæring.

Vi har delt strategien inn i 3 delstrategiar:

- Landbruk
- Fornybar energi
- Berekraftig mineralnæring

4.3.1 Delstrategi: Landbruk

Sunnfjord kommune er den største landbrukskommunen i Vestland og har eit stort potensiale innan basisproduksjonane og tilleggsnæringerne. Vi er også blant få kommunar som har eit landbruksfagleg utdanningstilbod.

Landbruket er ei viktig næringsgrein for Sunnfjord og eit fundament for busetnad. Næringa gjev arbeidsplassar, direkte knytt til gardsbruka og indirekte i næringsmiddelindustri og leverandørverksemder. Vi ser også ei veksande interesse og potensiale for satsing på tilleggsnæringer knytt til landbruket. Det er under arbeid ein eigen strategisk næringsplan for landbruk som omtalar utviklingstrekk og prioriteringar for landbruket.

Dette blir ein samla plan som omhandlar både basisproduksjonane, tilleggsnæringerne og utviklingsmoglegheiter. Landbruk er difor ikkje ytterlegare omtala i denne planen.

4.3.2 Delstrategi: Fornybar energi

Kraftproduksjonen i regionen er vårt viktigaste naturgitte fortrinn i ei tid med klimakrise og der verda ropar etter rein og fornybar energi. Vi ligg i ein region med kraftkrevjande industri og har solide tradisjonar og kompetansemiljø i kraftbransjen som er bygt opp over 100 år. Dette er kvalitetar som gjere oss relevante og attraktive for framtidig industriutvikling.

Slik gjer vi det:

- Arbeide for at kraftproduksjonen i regionen vårt vert nytta til lokale industrietableringar.
- Nyte Sunnfjord Næringspark si strategiske plassering for å tiltrekke oss industri som kan oppfylle det særlege potensialet som Moskog har.
- Auke kraftproduksjonen og betre nettkapasitet i regionen vår.
- Jobbe for ein pilot med El-flyrute mellom Førde og Bergen.
- Legge til rette for at sterke fagmiljø som Eviny og Tibber får vekse og skape fleire etableringar knytt til kraftproduksjon og distribusjon. Dette gjeld også utdanningar.
- Arbeide for at NVE si avdeling for skred og vassdrag vert lagt til Førde.

4.3.3 Delstrategi: Berekraftig mineralnæring

For første gong på 40 år skal det etablerast ny mineralnæring i Noreg. Denne historiske satsinga skjer her i Sunnfjord, i regi av Engebø Rutile & Garnet AS. Den kritiske mangelen på mineral i det grøne skiftet aktualiserer vår region som rik på mineral og med lang erfaring innan prosessindustri. Vi har også solide fagmiljø innan mineralogi og geologi, og ein utførande bransje som no byggjer ny og viktig fagkompetanse på etablering av anlegget på Engebø. Denne kompetansen vil ha overføringsverdi og kunne gje vårt lokale næringsliv fortrinn ved andre store industrialsatningar.

Slik gjer vi det:

- Arbeide med etablering av Hub for minerals/Mineralinkubator. Dette skal vere eit nasjonalt og internasjonalt kompetansesenter for berekraftig mineralutvinning og legge til rette for forsking, innovasjon og nye etableringar.
- Drifte og utvikle mineralforumet som ein nasjonal arena for kunnskapsutveksling og meiningsbryting.
- Bidra til å utvikle relevante fag- og høgskuleutdanningar.

4.4 Entreprenørskap og innovasjon

Sunnfjord har lang tradisjon for entreprenørskap, godt samarbeid i næringslivet, og klynger som samlar ulike fagmiljø.


Næringslivet si evne til entreprenørskap og innovasjon bidreg til å utvikle nye verdikjeder, industriell symbiose og ein meir sirkulær økonomi. Dette ser vi til dømes i satsinga på mineral og i arbeidet med nytt reinseanlegg for slam på Øyrane. På Campus Vie ser vi at samvirket mellom Høgskulen på Vestlandet (HVL), Helse Førde og næringsaktørar gjev synergiar i form av utvikling av ny helseteknologi som blir kommersialisert.

Coworking-satsinga Peak Sunnfjord har sett kompetansemiljøa i Sunnfjord på kartet gjennom å samle bedrifter som mellom anna Tibber og andre bedrifter med både nasjonale og internasjonale rekkevidde.

På Campus Førde Verftet samlar næringsliv, fagskule og HVL seg om å bygge relevante fagutdanninger og legge til rette for innovasjon innan industri og teknologi. I sentrum dannar det nye Nynorskhuset eit fagmiljø innan språk og formidling. Alle desse miljøa er døme på gode fagklynger, men også på fruktbart samarbeid mellom offentleg sektor og næringsliv.


Slik vil vi ha det:

- Sterkare fagmiljø rundt verksemder med nasjonalt og internasjonalt potensiale.
- Velutvikla industrielle symbiosar og lokale/regionale verdikjeder.
- Større tilfang av grøne, sirkulære og gode idear til produkt/tenester med potensialet.
- Næringslivet klarar i større grad å dra nytte av statlege og regionale verkemiddelordninga som Innovasjon Norge, SIVA, forskingsfond, Enova, fylkeskommune mfl.



Slik gjer vi det:

- Stimulere til fleire etableringar ved å vidareutvikle førstelinjetenesta.
- Utvikle samarbeidet med Førde vidaregåande skule og grunnskulane for å styrke opplæring i entreprenørskap.
- I samarbeid med næringslivet etablere og drifte eit akseleratorprogram med nasjonal rekkevidde.
- Vidareutvikle prosjektet Sirkulære Sunnfjord.
- Satse på innovasjon i offentleg-privat samarbeid – som etablering og drift av Mission Zero som nasjonalt senter for renseteknologi.
- Kople utdanning og næringsliv slik at bedriftene får rekruttert relevant og kompetent arbeidskraft.
- Styrke satsinga på ei helseinnovasjonsklyng på Campus Vie.
- Styrke satsinga på ein industrikklyng på Campus Førde Verftet.
- Klyngesatsingar innan fornybar energi og mineral.
- Bygge vidare på innovasjonsmiljøet som er etablert på Peak Sunnfjord for å legge til rette for nye idear og fleire bedrifter.
- Bli betre på å utnytte moglegheitene som ligg i verkemiddelapparat og EU-midlar.
- Arbeide for styrking av næringshagetilbodet i Sunnfjordregionen.
- Arbeide for at eit nasjonalt senter for yrkesfag vert lagt til Førde/Campus Førde Verftet.



4.5 Attraktivitet, sentrumsutvikling og rekruttering

Rekruttering av arbeidskraft er ei av dei største utfordringane i åra framover. Vi må gjøre Sunnfjord til ein meir attraktiv stad å bu, jobbe og besøke. Sentrumsplanen er ein sentralt tiltak i dette, med mål om å styrke Førde sentrum sin identitet og attraktivitet for innbyggjarane og næringslivet, og vidareutvikle og styrke Førde som regionmotor på Vestlandet.

Slik vil vi ha det:

- Næringsliv og offentleg sektor lukkast i å rekruttere kompetanse og arbeidskraft.
- Førde som regionsenter har utvikle urbane kvalitetar som er viktig for rekruttering til regionen.
- Vi har levande og attraktive bygder i heile kommunen der moglegheiter for utvikling er like.
- Sunnfjord skal vere eit attraktiv val for kvalitetsbevisste gjestar som etterspør ekte og aktive opplevelingar, og som er gode bidragsytarar til lokal verdiskaping.
- Saman med Fjordkysten tar vi ein posisjon som den kontrastfulle delen av Vestlandet; urørt, «uoppdaga» og berekraftig.

Vi har delt strategien inn i to delstrategiar:

- Bu- og jobbataktivitet
- Besøksataktivitet og reiseliv



4.5.1 Bu- og jobbatraktivitet

Jobbmarknaden dannar grunnmuren for å bu i Sunnfjord. Samstundes er også kvaliteten på fritida viktig for å bli verande. Kveldsøkonomien i form av møteplassar, kultur- og idrettstilbod og utestadar byggjer stoltheit og hevar attraktiviteten, særleg blant unge vaksne. Dette er også viktig for å utvikle Førde som ein attraktiv universitetsby for studentar. Frivilligkeit, næringsliv og kommune må jobbe saman for å skape bu- og jobbatraktivitet.

Slik gjere vi det:

- Gjennomføre eit merkevareprosjekt som synleggjere fordelane ved å bu og arbeide i Sunnfjord.
- Halde fram satsinga på rekruttering av arbeidskraft og sikre langsiktig drift.
- Sikre Sunnfjord som ein god stad for næringslivet å lokalisere hovudkontor.
- Legge til rette for at Førde utviklar og styrker den unike posisjonen sin som attraktiv handelsby.
- Gjennom sentrumsplanen sikre at Førde blir ein gjennomtenkt småby som er attraktiv for service- og tenesteytande privat næringsliv.
- I samarbeid med nærmiljøråda stimulere til buattraktivitet i heile kommunen.
- Støtte opp under og marknadsføre Peak Sunnfjord, Nynorskhuset, Snønipa kontorfelleskap og andre kontorfelleskap som styrker jobbatraktivitet.

- Vidareføre satsinga på Remote Sunnfjord og bidra til liknande tilbod andre stader i kommunen, mellom anna i Viksdalen og Skei.
- Vidareutvikle samarbeidsprosjekt mellom utdanningsinstitusjonane og lokale arbeidsplassar.
- Styrke arbeidet med å inkludere dei som står utanfor arbeidslivet.
- Styrke arbeidet med mangfold i arbeidslivet.
- Arbeide for etablering av studenthus i sentrum.
- Styrke satsinga på kveldsøkonomien slik at fleire nyttar seg av møteplassar og lokale opplevingstilbod.
- Bidra til gjennomføring av VM i vektløfting og styrke satsinga på Førde som arrangementby.
- Vidareføre karrierefestivalen Elevate.
- Vidareføre, styrke og utvikle Sunnfjord U40 og Sunnfjord O40.
- Arbeide for ei berekraftig tettstadutvikling i tråd med mobilitetsstrategi og arealstrategi.


4.5.2 Besøksattraktivitet og reiseliv

Sunnfjord er eit underkommunisert reisemål, men med stort potensiale for unike natur- og kulturopplevelsingar. Det nye selskapet Visit Fjordkysten og Sunnfjord, er ei samanslåing av dei to destinasjonsselskapa Visit Fjordkysten og reiselivsdelen av Sunnfjord Utvikling (Visit Sunnfjord). Med denne fusjonen har vi i nasjonal samanheng eit sterkt destinasjonsselskap som er betre rusta til å auke marknadsandelane til vår region. Dette vil medverke til auke i trafikken heile året, lokal verdiskaping og betre lønsemd og konkurranseevne for reiselivsverksemndene.

- Styrke samarbeidet mellom ulike bransjar med mål om å utvikle nye, heilskaplege kundeopplevelingar som kombinerer kultur, reiseliv og handel.
- Framheve at Sunnfjord har mange populære jakt,- fiske og friluftslivsaktiviteter i kommunen
- Styrke cruisekaien på Sveen som eit viktig ledd i reiselivssatsinga.

Slik gjer vi det

- Styrke det strategiske samarbeidet med Visit Fjordkysten og Sunnfjord for å auke marknadsandelane.
- Følgje opp Sunnfjord kommune sitt vedtak om å vere ein aktiv bidragsytar i arbeidet for å oppnå merket for berekraftig reisemål for Fjordkysten og Sunnfjord.
- Jobbe for at Fjordkysten regional- og geopark får Unescostatus og etablere eit av episentera i Bygstad
- Realisere prosjekt «Destinasjon Jølster» - med mål om styrke produktutvikling knytt til Astrup og Jølster.
- Styrke satsinga på Nasjonal Turistveg over Gaularfjellet.




4.6 Næringsattraktiv kommune

Ein næringsattraktiv kommune føreset eit aktivt samarbeid mellom kommune, næringsliv og innbyggjarar.

Slik vil vi ha det:

- Sunnfjord kommune skal vere ein **føretrekt kommune** for nyetableringar, statlege og regionale verksemder og for eksisterande næringsliv.
- Sunnfjord kommune skal vere ein **løysingsorientert, næringspositiv og koordinert** kommune som ser næringsutviklingsarbeidet på tvers av kommunale sektorar.



Slik gjer vi det:

- Ha faste møteplassar mellom næringsliv, kommune, næringsapparat og utdanningsinstitusjonane for å fremje god dialog, felles mål og medverknad frå næringslivet i strategisk planlegging. I samarbeid med nærmiljøråda legge til rettes for slike møteplassar i heile kommunen
- Sunnfjord kommune skal føre ein næringsvenleg arealpolitikk og legge stor vekt på næringslivet sine behov i arealplanlegginga. Dette vil likevel skje innanfor rammene til kommunen si ei kvar tid gjeldande arealplan.
- Profilere og marknadsføre Sunnfjord ovanfor nasjonale og internasjonale investorar gjennom satsinga Invest in Fjordane.
- Gjennomføre fellesprosjekt for næringslivet som fremjar innovasjon, rekruttering, kompetanseheving, lønnsemd og nettverk.
- Jobbe for å forenkle og gjøre prosessar opp mot plan- og byggesak meir smidig.
- Styrke involvering av bedrifter som ikkje har hovudkontor, men filialar/avdelingar i Sunnfjord.
- Styrke Sunnfjord Utvikling si rolle som koordinerande ledd som tilbyr relevante tenester for næringslivet.
- Styrke Sunnfjord kommune som vertskommune for statlege arbeidsplassar

4.7 Styrka samarbeid i regionen

Regionalt samarbeid er ein stadig større føresetnad for å få til vekst, og større del av framtidige næringssatsingar og investeringar. Dette vert framheva av vårt eige næringsliv, og er også tungt vektlagt i regional og nasjonal næringspolitikk.

Dette handlar både om korleis vi samhandlar med nabokommunar, i Fjordane, og elles i fylket. Ikkje minst sit det viktig næringsliv og institusjonar i Bergen som er sentrale for oss.

Slik vil vi ha det:

- Sunnfjord kommune skal vere ein raus og inkluderande samarbeidspart, og ein motor for regionen.
- Vi bidreg til godt samarbeid i regionen både politisk, administrativt og mellom bedrifter.
- Vi har fagmiljø og fortrinn som set oss på kartet både regionalt og nasjonalt.



For å få til større satsingar må næringslivet og kommunane i regionen samarbeide tett, målretta og strukturert.

Slik gjer vi det:

- Arbeide for eit varig etablering av Invest in Fjordane etter prosjektpériode og slik synleggjere heilskapen og fortrinna i regionen ovanfor investormiljø og industriaktørar.
- Legge til rette for at lokalt næringsliv samarbeider slik at dei blir i stand til å konkurrere om større anbod.
- Gjennom til dømes partnarskapen Sunnfjord Innovasjonsarena involvere oss i regionale satsingar, jobbe på lag med regionale aktørar, og utnytte kompetanse på tvers av kommunegrenser.
- Legge til rettes for at Sunnfjord kommune og Sunnfjord Utvikling tek ei større regional rolle i å løyse felles utfordringar.
- Styrke regionalt politisk samarbeid gjennom Fjordane interkommunale politiske råd.
- Gjennom innkjøpsstrategi bidra til leverandørutvikling i næringslivet i regionen.

5 Om planen

I samsvar med vedteken planstrategi for perioden 2020-2024 skal strategisk næringsplan reviderast i planperioden. Planprogrammet for planen er vedteke i hovudutval for næring februar 2023 og legg føringerar for innhaldet i planen.

5.1 Rammer, avgrensingar og mandat for planen

Planen fangar opp i seg overordna strategiar og føringer, inkludert nasjonale og internasjonale. FN sine 17 berekraftsmål er lagt som overordna føring i kommunen sitt planverk og vert også toneangjevande i ny næringsplan. Berekraftmål nr 17 om samhandling for å nå å nå måla er særleg framheva.

Nasjonal næringspolitikk kjem til utrykk mellom anna i oppdraget regjeringa gjev Innovasjon Norge og SIVA, og legg også sine føringerar for det lokale næringslivet i Sunnfjord. Samstundes er det fleire stortingsmeldingar og NOU-rapportar som omhandlar moglegheiter og strategiar for å oppnå vekst og busetnad i distriktskommunar; styrking av utdanningstilbod, digital infrastruktur, og fleire statlege arbeidsplassar. Nasjonalt vert det også veklagt å styrke småbyar og tettstadar i regionar for å demme opp mot fråflytting. Regjeringa sin nylege mineralstrategi har i særleg grad relevans for Sunnfjord med tanke på mineralsatsinga i kommunen vår.

På regionalt nivå er **Vestland fylkeskommune** ein vesentleg utviklingsaktør i våre region. Sunnfjord sin strategiske næringsplan byggjer på Vestland fylkeskommune sin visjon og plan om verdiskaping og berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringssutvikling og innovasjon.

Denne planen stadfestar Vestland sin ambisjonar om å ta ein leiande posisjon i det grøne skiftet, og legg føringerar for kva satsingar Vestland vil prioritere å støtte opp under. Gjennom prosjektet Grøn region Vestland og sine årlege handlingsplanar konkretiserer Vestland desse ambisjonane.


Regionale planar og dokument:

- Vestland fylkeskommune; Utviklingsplan for Vestland 2020–2024
- Vestland fylkeskommune, Berekraftig verdiskaping – regional plan for Innovasjon og næringssutvikling 2021–2033
- Grøn region Vestland
- Reiselivsstrategi Vestlandet
- Visit Fjordkysten og Sunnfjord sin strategi 2023-2026

Sunnfjord kommunestyre vedtok 17.02.22 **kommuneplanen sin samfunnsdel for perioden 2022–2030**. Mål og strategiar i denne, er førande for mål og strategiar i strategisk næringsplan.

Hovudmålet i kommuneplanen sin samfunnsdel er at vi skal sikre folketalsvekst og berekraftig utvikling i heile kommunen gjennom å vere grøn, mangfaldig og attraktiv.

Delmål 2 i samfunnsplanen seier at Sunnfjord kommune skal vere ein regionmotor på Vestlandet – dette delmålet har særskilt relevans for næringsplanen.



Samfunnsplanen har følgjande strategiar knytt til dette delmålet:

- Vi styrker Førde som regionby.
- Vi utviklar kommunen og Førde som utdanningsby.
- Vi skal satse på grøn næringsutvikling, innovasjon, entreprenørskap og berekraftig bruk av naturressursar.
- Vi skal vere eit kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet.

Sunnfjord kommune sin plan for klimaomstilling har definert næringsliv og teknologi som eit satsingsområde med mål om å styrke og omstille næringslivet slik at det grøne skiftet føre til positiv utvikling for verksemder.

I planen har Sunnfjord kommune vedteke at innan 2023 har vi eit næringsliv som har tilgang på naudsnyt kompetanse og kapital for å utvikle og levere løysingar som bidreg til klimaomstilling, og at næringslivet i Sunnfjord er blant dei leiande innanfor grøn konkurranseskraft basert på dei fortrinna fylket har.

5.2 Kunnskapsgrunnlag

I arbeidet med ny strategisk næringsplan for perioden er det nytta følgjande kunnskapsgrunnlag som følger som **vedlegg til planen**:

1. Sunnfjord Utvikling: Vekstregionen Sunnfjord - nærings- og ringverknadsanalyse februar 2022.
2. Vestland fylkeskommune: Grøn region Vestland
3. Spørjeundersøking mot næringslivet PwC 2023
4. Sirkulære Sunnfjord – sluttrapport

Sunnfjord Utvikling engasjerte PwC i 2021 til å utarbeide ein nærings- og ringverknadsanalyse for Sunnfjord – «Vekstregionen Sunnfjord». Bakteppet for dette var å ha eit betre kunnskapsgrunnlag for å forstå veksten i regionen, og kunne styre mot vidare vekst og positiv utvikling. Rapporten brukar metodikk som forankring og intervju med næringslivet og offentlege aktørar. Rapporten peikar på tiltak som kommune og Sunnfjord Utvikling bør ta tak i for å styrke

konkurransekraft og næringsutvikling i kommunen og regionen. Rapporten gjev oss eit solid kunnskapsgrunnlag og er lagt til grunn i ny strategisk næringsplan.

I etterkant av rapporten har råmevilkåra endra seg ein del for næringslivet, som konsekvens av krig, politisk uro og inflasjon. PwC har nyleg gjort ei ny tilleggskartlegging blant næringslivet i Sunnfjord for å sjå i kva grad dei nyaste internasjonale og nasjonale trendane pregar vårt næringsliv. Sjølv om situasjonen for næringslivet er noko endra dei siste to åra, så er hovudfunna og hovudkonklusjonane i rapporten frå 2022 likevel relevante og blir lagt til grunn som kunnskapsgrunnlag.

Den årlege Heilekonferansen har blitt den viktigaste møteplassen for næringslivet i regionen. Det er også ein viktig arena for å få innspel og kunnskap som er relevant for lokal næringspolitikk.

5.3 Medverknad

Planprogram vart ute til høyring seinhaust 2022. I løpet av denne perioden vart det gjennomført opne høyringsmøte i Førde, Skei, Naustdal og Sande, med eit svært godt oppmøte både av næringsaktørar og innbyggjarar.

Hausten 2022 har det vore gjennomført 2 workshops om profilering og kveldsøkonomi som har gjeve verdfulle innspel til planen. I mars arrangerte Sunnfjord kommune og Sunnfjord Utvikling ein større landbrukskonferanse. Planen har vore drøfta i styret i Sunnfjord Utvikling, i næringsutval, og eit utvida dialogmøte med aktørar i næringslivet.

Metode for medverknad

Opne folkemøte i Førde, Naustdal, på Sande og Skei i planprogramfasen oktober 2022


Målgruppe

- Innbyggjarar
- Næringsliv
- Frivillig sektor
- Andre interesser

Temamøte/workshops/supplerande intervju vår og haust 2023.

Politisk verkstad hausten 2023

- Næringslivet
- Utval for samfunn, kultur og næring
- Styret i Sunnfjord Utvikling



5.4 Kopling til andre kommunale planar


Kommuneplanen sin samfunns- og arealdel legg grunnlaget for strategisk næringsplan. Å ha tilgjengelege attraktive næringsareal og ein næringsvenleg arealpolitikk er ein føresetnad for ei positiv næringsutvikling i kommunen. Det er difor viktig at det ein god samanheng mellom målsetting og ambisjonar i strategisk næringsplan og framtidig næringsareal i kommuneplanen sin arealdel.

Strategisk næringsplan for landbruk. Kommunen sine planar for landbruket vert omtalt samla i eigen strategisk næringsplan for landbruk, både tilleggsnæringerane og basisproduksjonane. Denne planen er under utarbeidning.

Plan for klimaomstilling. Klimaplanen peikar på behov for omstilling i næringslivet som viktig for å oppnå reduksjon i klimagassutslepp og få å ha eit konkurransedyktig næringsliv i framtida. Klima og næring blir i stadig større grad to sider ved same sak, og næringsplanen sine strategiar vil i stor grad byggje opp under målsetningane i klimaplanen.

Reiselivsstrategi. Frå april 2022 vart Sunnfjord kommune/Sunnfjord Utvikling sitt destinasjonsarbeid lagt inn i Visit Fjordkysten og Sunnfjord. Vi har dermed no felles organisering av reiselivet saman med Kinn og Hafs-kommunane. Visit Fjordkysten og Sunnfjord har nyleg utarbeidd ein ny reiselivstrategi som vil vere gjeldande for reiselivsatsingane i Sunnfjord. Visit Fjordkysten og Sunnfjord har ansvar for marknadføringa av regionen. Kommunane og næringslivet har ansvar for å bidra til produktutvikling.

5.5 Iverksetting og oppfølging av planen



Strategisk næringsplan inneheld innsatsområde, strategiar og tiltak som skal følgjast opp i økonomi og handlingsplanar 2024-2027. Kva strategiar som kan gjennomførast vil avhenge av dei årlege budsjetttramme og i kva grad kommunen lukkast i samarbeid med eksterne partnarar, både lokalt og regionalt. Det skal utarbeidast årlege handlingsplanar.